

Frå: Arvid Storheim <arsto@equinor.com>
Send: onsdag 10. mai 2023 11:18
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Kopi: Margrethe Storheim
Emne: Saks nr.; 1150/22

Hei.

Eg syner til

«Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad - 483/7 Haukedal nordre

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen i frå tiltakshavar i sak 22/5819, saknr. 1150/22, datert 31.10.2022, vert ikkje teke til følge. «

Det er fleire FAKTAFEIL i handsamingsuttalelsen frå Alver kommune administrasjon med tittel som vist ovanfor.

1. Det er referert til området 483/7 Haukedal nordre.

Dette er ikkje riktig stad. Den riktige stadsnamnet er 483/7 Haukeland Nordre

2. Administrasjonen skriver ref side 14.

«Tiltaket er meir dominerande og eksponert i landskapet med si samla lengde på over 60m samanlikna med eksisterande fritidsbustad. «

Dette er ikkje riktig, som det klart framgår av teikningane og tekst i søknaden er tiltaket samanlikna med eksisterande fritidsbustad om lag 18 meter langt. Tiltaket i seg sjølv er om lag 26 meter langt og er såleis under halvparten av det administrasjonen setter som grunnlag for sitt avslag. Det er omkretsen av tiltaket som er 60 meter.

3. Tiltak som er dominerande og eksponert i landskapet er særleg uheldig for opplevinga av dette viktige friluftsområdet.

Radøy kommune gjennomførte prosjektet kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i perioden 2015-2016 (Sak 15/319 Radøy Kommune).

Områda som er kartlagte og vurderinga av desse er lagt inn i NIBIO sin naturbase.

Det er likevel viktig å understreke at resultatet av kartlegginga ikkje har påverknad på utnyttinga av areala som er omfatta.

Dette er klagjort både i den endelege rapporten og i samband med høyringsrunden.

Frå rapporten kapittel 1, dokument 16/16091:

Frå kunngjering om høyringsrunde, dokument 16/4022:

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/319 - 16/4022

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
17.03.2016

Invitasjon til å koma med innspel til kartlegging av friluftsområde i Radøy kommune

Radøy kommune arbeider med å kartleggja og verdtsetja alle friluftslivsområda i kommunen. Føremålet med prosjektet er å få oversikt over alle større og mindre område i Radøy som vert nytta til ulike friluftaktivitetar. Kartlegginga vert nytta i kommunen sitt arbeid med friluftsliv, og vil verta viktig i arealforvaltning og planarbeid. **Me understrekar at resultatet av kartlegginga ikkje vil ha direkte påverknad på bruken av eigedommar i kommunen.**

Ovanfor nemde punkter brukar administrasjonen sjølv som grunnleggjande for avslaget. Det virker på meg som administrasjonen har handsama tiltaket med feil oppfatning av dei faktiske forholda som påpeika ovanfor.

Administrasjonen si oppfatning av fakta vart heller ikkje korrigert etter synfaring på staden.

Eg ønskjer snarast ei tilbakemelding på korleis administrasjonen skal korrigere påpeikte feil i handsaminga av denne saka også ift. Statsforvalteren.

Mvh Arvid Storheim
Tlf: 48080174

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.
Thank you